

Notat


Går til: Helse Vest RHF v/ Finans og Økonomidirektør Per Karlsen
Kopi Konsernregnskapssjef Helse Vest Berit Bore
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 23.03.2014
Frå: Økonomsjef Ola Rye
Sakshandsamar:
Saka gjeld: **Økonomihandbok Helse Vest og grensesnitt mot SAV Styringssystem**

Innleiing

Sjukhusapoteka Vest (SAV) står framfor ei oppdatering av styringssystemet i programvaren Qualisoft. Styringssystemet som vert utarbeidd i samarbeid med arkitekturkontoret ved Helse Vest IKT er eit prosessorteintert system som også dekker Økonomiprosessane i SAV. Helse Vest har etablert regional økonomihandbok i programvaren Compendia. Den regionale Økonomihandboka har regional økonomirutinar som ikkje dekker lokale forhold i føretaka. Kvart føretak i Helse Vest konsernet skal difor utarbeide sine lokale prosessar/rutinar og legge disse inn i handboka. I arbeidet med økonomiprosessar/rutinar for SAV må grensesnittet mellom den regionale økonomihandboka og SAV Styringssystem avklarast.

SAV Styringssystem

Figuren under viser prosessområda i SAV Styringssystem:



SAV uttrykkjer at dei overordna måla med styringssystemet mellom anna er:


- Å bidra til meir effektiv ressursbruk
- At det brukast av alle
- At det skal bidra til at organisasjonen vidareutviklar prosessforståing og utviklar seg som prosessorientert verksemd.
- At det skal være det sentrale systemet som vert brukt til verksemdstyring

I dag finst informasjon om SAV sine prosesser både i KVASS (kvalitetssystem), SAVisa (intranett), Compendia (personalhandbok) og Helse Vest HMS system og på felles serverområder. Nytt styringssystem i SAV skal dekkje alle prosesser og dagens KVASS skal fasast ut.

I Qualisoft-systemet vert prosessar tegna og forklarte i sjølv systemet med moglegheit til å lage linkar til datafiler eller andre kilder inkludert Helse Vest Økonomihandbok.

Helse Vest Økonomihandbok

Figuren under viser prosessområda i Helse Vest Økonomihandbok:



I Comendia-systemet vert prosesser tegna og forklarte ved hjelp av Wisio, Word eller Excel som vert lagt inn som «flate» filer i vedlegg. Det kan lagast linkar til datafiler eller andre kilder inkludert SAV Styringssystem dersom brukarar av Økonomihandboka har lesetilgang til SAV Styringssystem.

Intensjon med Helse Vest Økonomihandbok er at alle økonomiprosessar og rutinar skal samordnast i størst mogleg grad og være samla på ein stad i konsernet.

Grensesnitt mellom SAV Styringssystem og Helse Vest Økonomihandbok

I SAV er vi opptekne av at brukarane skal oppleve at prosessar og rutinar er lett tilgjengelege og enkle å bruke. Det er og viktig at vedlikehald er så enkelt som mogleg. Det er difor ynskjeleg at brukarane i største mogleg grad skal oppleve like

brukargrensesitt og funksjonalitet. Dette talar for at alt som er mogeleg å legge i styringssystemet vert lagt der. Samtidig vil SAV følge opp intensjonane med Helse Vest Økonomihandbok.

SAV føreslær difor fylgjande prinsipp for korleis grensesnittet mellom disse to verktya skal utformast.

1. SAV utarbeider lokale økonomiprosessar i Qualisoft formatet i SAV Styringssystem.
2. I SAV Styringssystem vert det lagt inn linkar til Helse Vest Økonomihandbok der dette er relevant (aktuelt der Helse Vest Økonomihandbok gir føringar for SAV prosess og rutinar)
3. I Helse Vest Økonomihandbok vert det lagt inn linkar til relevante prosessar i SAV Styringssystem.
4. SAV styringssystem gjev lesetilgang til Helse Vest brukarar av Økonomihandbok Helse Vest (viss ikkje vil ein ikkje få fram prosessdokumentasjon og rutinar for SAV når ein ynskjer dette som brukar av Helse Vest Økonomihandbok)
5. I den grad link til/frå Helse Vest Økonomihandbok til/frå SAV Styringssystem ikkje er mogeleg vil SAV utarbeide flate filer for innlegging i Helse Vest Økonomihandbok. På denne måten vil disse prosessane/rutinane verte liggande i Helse Vest Økonomihandbok og bare der.

Det er svært viktig å unngå at dokumentasjon vert dobla i ulike verktoy. Det skal etablerast ei redaktørordning for kvart føretak innan Helse Vest Økonomihandbok. Økonomisjef i SAV vil være redaktør for SAV i så måte.

I samband med oppstart av arbeidet i SAV Styringssystem treng SAV ei snarleg tilbakemelding frå Helse Vest med omsyn til dei omtala prinsippa ovanfor kan akseptarast innanfor arbeidet med Helse Vest Økonomihandbok.